

# Årsmelding

## Fusa

# Frivilligsentral

## 2025



## Innhald

Innleiing .....	3
Om organisasjonen.....	4
Styresamansetning (årsmøte, mars 2025) .....	4
Nettverk:.....	4
Økonomi (hovudtal) .....	5
Årets aktivitetar og resultat.....	5
Frivilligfest .....	6
Torsdagskafè.....	6
Eikhovdatreff .....	7
Ut i naturen .....	7
Pasientvener .....	8
Leseven: .....	8
Spiseven.....	8
Utleige av hengar .....	8
Tv-aksjonen .....	9
Ferieklubb.....	9
Aksjon Julehjarte .....	10
Team Fusa.....	11
Samarbeid med andre .....	11
Fusa senioruniversitet .....	11
Internasjonal kvinneklubb .....	11
Bruktbuo .....	12
Sorggruppe: .....	12
Tysdagsklubben: .....	12
Bjørnafjorden kommune: .....	12
Andre gode støttespelarar .....	12
Planar framover.....	13
Takk. ....	13

## Innleiing

Så har og 2025 passert oss, og det er tid for oppsummering og tilbakeblikk, men og å sjå framover i eit nytt år. 2025 har bydd på både store og små aktivitetar. Nokre av dei, er trufaste og kjære som Torsdagskafè, Ut i naturen, Open Hall og Senioruniversitet. Aktivitet som gjer ein skilnad i kvardagen for mange, med påfyll av kunnskap, naturopplevingar eller sosialt og kjekt. Alle er like viktige! Det har og vore større tilstellingar som Nyttårsfest for frivillige på Tønnegården, Feriekubb Tv-aksjon og Julehjarreaksjon. Ein vert rik på opplevingar og møte mellom menneske her hjå Fusa Frivilligsentral.

Det som er sikkert er at det finnes mange utruleg flotte menneske som brukar tida si til frivillig arbeid. Noko er via oss i Frivilligsentralen, men frivilligheita i Fusa-delen av kommunen strekk seg langt utover det. Me bidreg alle til å skapa gode aktivitet- og møteplassar, der behova finns.

Når menneske gjer av tida si for å bidra til fellesskapet, skapar det meir enn aktivitetar og møteplassar – det skapar tryggleik, tilhøyrse og opnar moglegheiter for andre. Gjennom frivillig innsats blir ressursar delte, relasjonar bygde, og handlingane får positive ringverknader. Ofte større enn me kan ane. Frivilligheita bind menneske saman på tvers av befolkninga, det styrkar både den som tar imot og den som bidreg.

Frivillig arbeid bidrar til betre folkehelse!



## Om organisasjonen

Fusa Frivilligsentral er medlem av Norges Frivilligsentraler (NFS), ein interesseorganisasjon og ressurscenter for frivilligsentralane i Norge.

Fusa frivilligsentral skal vere ein brubryggjar mellom det offentlege, næringslivet og det frivillige. Me skal fungere som ein koordinator mellom dei som treng hjelp til noko, og dei som ønskjer å yta ein ubetalt innsats i lokalmiljøet eller for enkelt menneske. Me lyttar til lokalmiljøet og gjer det me kan for å skapa aktivitet ut i frå ønskjer og behov.

Visjonen vår er å skape møte mellom menneske.

Fusa frivilligsentral er eigd av Fusa sokn og dagleg leiar for Fusa sokn fungerer som administrativ overordna for dagleg leiar i frivilligsentralen. Dagleg leiar har 100 % stilling. I 2025 var Linda Cecilie Reigstad Matland dagleg leiar fram til 1. August då Kristin Almås kom inn som vikar for henne. Vikariatet varer i første omgang til 31.7.2026. Styret for frivilligsentralen har arbeidsgjevaransvaret for dagleg leiar, samt er med å tek avgjersler for kva arbeidsområde frivilligsentralen skal satse på.

## Styresamansetning (årsmøte, mars 2025)

### Fusa Sokneråd

Godtskalk Skåtun (styreleiar), Ragnhild Bjørke, Linda Frøyseth, Atle Næss.

Vara: Astrid Rød og Solgunn Dalland.

### Frivillige:

Benedicte Næss (styreleiar jan- mars) og Gunnar Veland.

Vara: Shane Heffernan og Mette Marie Rosvold

**Representant frå Bjørnafjorden kommune:** Gunn Sissel Teigen.

### Nettverk:

Dagleg leiar deltek i eit nettverk med andre daglege leiarar i frivilligsentralar i «nabokommunar». Det er både fint og viktig å kunne møte andre i same stilling, for å utveksle informasjon, ha idémýldring, erfaringar og ein kan sjå på ulike problemstillingar saman. Sjølv om kommunen er delt geografisk på dei to Frivilligheit-sentralane, er det naturleg å ha eit nært samarbeid med Os frivilligsentral.

## Økonomi (hovudtal)

Frivilligsentralen får tilskot til drift frå kommune og stat. *Tilskuddsordningen skal bidra til å skape gode og forutsigbare rammevilkår for frivilligsentraler. Frivilligsentralene skal stimulere til frivillig innsats, være åpne møteplasser for befolkningen og være et bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.* I 2025 utgjorde tilskotet kr 901 834,-

Andre inntekter til Fusa Frivilligsentral er flaskepant, div brukerbetalinger og søkte midlar. Det kjem og inn ein del gåver frå private til juleaksjonen.

Utgiftene er lønn, sosiale utgifter, matgåver og julegåver til juleaksjonen, mat og aktivitet til open hall. Drift av feriekubb. Som medlem i Noregs frivilligsentralar og Vestland frivilligsentral betalar ein og kontingent.

Rekneskapen til Fusa frivilligsentral er ein del av Fusa sokn sitt rekneskap. Det er skilt ut eige rekneskap for Open Hall, Juleaksjon og Feriekubb. Dette er aktivitetar det er ryddig å ha eige rekneskapsoversikt på, i høve søknadar på eksterne midlar.

Rekneskapen syner eit samla positivt driftsresultat på kr 117 356,-

Sjå vedlegg for rekneskap

## Årets aktivitetar og resultat

Det er ikkje lett å gje konkrete tal på tal frivillige, og kor mange timar som vert brukt i løpet av eit år. Fusa Frivilligsentral har omlag 100 registrerte frivillige som bidreg på faste aktivitetar. Nokon bidreg på fleire aktivitetar og mange stiller mange på i enkeltoppdrag som til eksempel tv aksjonen, innsats for andre på ungdomsskulen, kakebakarar og vegvisar på tur. ALLE er derimot like viktige drivhjul.

Målet til frivilligsentralen er å skapa møteplassar, der behova er. Aktivitetane som vert drive no er kjente, godt drive og har generelt god deltaking.

## Frivilligfest

Året 2025 starta med Nyttårsfest på Tønnegården, ei flott markering og ein stor takk til alle dei frivillige som bidreg!

God mat, program med både song, film og musikalske innslag sette ei verdig ramme rundt utdelinga av frivilligprisen. Det var 9 nominasjonar med stor breidde og ulike erfaringar. Kommiteen landa på at årets frivillige var Bente May og Sigbjørn Sundfjord, som over lang tid har stått på som frivillige i lokalsamfunnet:



*«Av det uformelle slaget er de uvurderlege lokalt i Lygrepollen – skal noko gjerast eller nokon treng hjelp, så tek ein kontakt med Sigbjørn og Bente May. De er fantastiske føredøme på kvardagsheltar i eit griségrendt lokalsamfunn!»*



Positive tilbakemeldingar på frivilligfesten, med god dekning i Os og Fusaposten. Evalueringa står att med flest suksessfaktorar, men trekk fram at ein gjerne treng støtte til å arrangera ein slik fest for å bæra den økonomisk. Til dømes kan ein kanskje ha frivilligfest i samband med utdeling av allmennyttige midlar.

## Torsdagskafè

Torsdagskafèen har gått som planlagt, siste torsdag i månaden kl 14-16. Det har vore arrangert 8 kafèar totalt i bygdene Bogøy, Holmefjord, Sævareid, Baldersheim og Nordtveit. Frivillige frå kvar bygd har stelt i stand, baka kaker og anna god kafèmat for gjestane. Oppmøte har variert, men for dei som kjem på kafè er dette ei kjekk og samlande stund. Litt programinnslag med song, trekkspel, gitar, dikt og allsong. Det har og vore ei lita loddtrekning, med flotte premiar. Økonomisk er dette eit tiltak som kostar seg sjølv. 50 kr i inngongspengar, dekker utgifter til kaker, kaffi og andre utlegg.



## Eikhovdatreff



Ein gong i mnd er det treff i stova på Eikhovdaheimen. Eit sosialt og flott tilbod som blir driven av Olaug Mjelde og Oddny Hagenes. Tilbodet er både for dei som bur på Eikhovdaheimen, men og for eldre i bygdene rundt. det var 10 treff i 2025, og ca. 12 deltek på kvart treff. Ei kaffiøkt med litt godt attåt er sjølvstekt, dei betaler ein liten sum for det. Det blir lese “ dagen i dag” , ord for dagen og heldt ei lita andakt. Dikt, ordtak og sitat er og mykje brukt. Dette er og eit fint treffpunkt for å berre prata, mimra og dele erfaringar for dei eldre. Deltakarane set stor pris på både tiltaket og på Olaug og Oddny som stiller på kvar gong!

## Ut i naturen

Kvart halvår vert det laga program med ulike turmål rundt i bygdene. Turane har variasjon på kor lange og tung / lett dei er, men tanken er at dei skal passe for dei fleste. I 2025 var det i alt 23 turar frå mars til november, og frå 5 – 25 deltakarar per tur dette året. Kvar tur har ein frivillig som lokal vegvisar. Det er alltid fint å få med seg litt lokal historie og informasjon på vegen, det gjer turane meir innhaldsrike og kjekke. Det stiller alltid nokon på tur, uansett ver og vind. Turane har vore innom alle bygder, og både kjente og nye turmål har vore gått. Populært med tur til dagsturhytta i Samnanger. Ein våt og vindfull kultursti på Vinnes var avslutningstur i november. Det passa fint då å avslutte med ei god betasuppe i Nesjaheimen.



## Pasientvener

Annakvar tysdag besøker ei gruppe frivillige Fusa bu og behandlingssenter. Dei har med kaffimat og lagar til ei kjekk stund for bebuarane på stova. Litt høgtlesing, gode historier, song og dans. Osvald Markhus og Jon Berhovde har med seg trekkspølet, og drar gamle og kjente viser til glede for alle. To grupper på 8 personar kvar, rullerer på å vera pasientvenn på Fbbs, Olav Berland og Anne Karin Eikeland er gruppeleiar, dei gjer at dette tilbodet flyt fint og er blitt ein vel etablert og kjær aktivitet for bebuarane. Det varierer kor mange som deltek.



**Leseven:** Våren 2025 var det 3 lesevenar som rullerte på å ha lesestund på FBBS. Hausten 2025 har det vore pause i aktiviteten, med plan om å starte opp att til våren.

## Spiseven

Eit flott tilbod og møte mellom ung og eldre. Elevar ved restaurant og matfaglinja på Fusa vidaregåande skule lagar smakfulle måltid og serverer eldre og pensjonistar, for ein rimeleg peng. I 2025 vart det ingen tilbod, men hausten er brukt til å planlegge ny restaurant "fjord og furu", som startar opp på nyåret 2026.

## Utleige av hengar

Hengaren til Fusa frivilligsentral har i store delar av 2025 vore ute av drift på grunn av manglande bremser. I haust vart dette ordna og tilhengaren er klar for utleige att. Det er bestemt at ein tar ein liten sum for leige framover, som vert sett av til vedlikehald / reparasjonar.

## Tv-aksjonen

18 oktober var årets tv-aksjon og Atlas Alliansen var mottakar av innsamlinga.

*Gjennom årets TV-aksjon skal Atlas-alliansen åpne dører for funksjonshemmede som lever i krig og fattigdom. Sammen skal vi gi nødhjelp, utdanning og muligheten til et bedre liv.*



19. oktober 2025

**Atlas-  
alliansen**

**NRK TV-aksjonen**

Frivilligsentralen er ein del av kommune-komiteen, og har på oppdrag frå ordførar ansvaret for å koordinera innsamlinga på Fusa sida av kommunen. 50 bøsseberarar dekkja alle roder i vårt område, og gjorde ein flott innsats. Nytt i år var digital registrering på Tv aksjonen sitt system, her kunne ein enkelt melde seg som bøsseberar og velgje rode sjølv. sende ut fellesmelding til alle i same bygd. I tillegg vil alle som var bøsseberar i år få ei automatisk melding neste år, for å melde seg som bøsseberar. I år som tidlegare, har Bruktbuo vore møte og innsamlingsplass for alle bøsser, før dei vert køyrd til Bergen. Tradisjon er det og at Åse H Riise bidrar med god hjelp i kommune-komiteen, organisering og stiller for registrering av bøsser på aksjonsdagen. Ådlandsfjorden skule arrangerte skuleløp med innsamling, og Bruktbuo donerte salet for ein dag. Topp engasjement bidrar til at Vestland fylke samla inn mest totalt av alle fylka og hadde flest bidrag frå næringslivet. Bjørnafjorden kommune var ein av kommunane med mest innsamla på bøsser. Halvparten av totalsummen på 271 mill. var samla inn på bøssene - det viser kor nyttig det er å gå frå dør til dør denne dagen!

## Ferieklubb

Ferietilbod for born i 1-4 klasse i Bjørnafjorden aust. Heile 80 born påmeldt, fordelt på to veker. Ferieklubben hadde base i Fjorden Arena, men nytta både nærmiljø og utflukter til Bergen og Hardanger desse vekene. Ein dag vart tilbrakt på Matland gard. Alt i alt – svært gode tilbakemeldingar og nøygde born.

10 plassar var kvar veke holdt av til prioriterte born, som får tilbodet dekkja økonomisk. Det kan vera til eksempel born frå flyktningstenesta eller låginnteksfamiliar. Samarbeid med flyktningstenesta og NAV er sentralt for å sikre at dei borna som treng det får plass. Dette er noko av søknadsgrunnlaget for støtte til drift av ferieklubben.

Søkte midlar /støtte frå Gjensidigestiftelsen gjorde det muleg å tilsette 6 unge ferieklubbassistentar som sommarvikar i ferieklubben. Det er kjekt å sjå både ansvaret og meistringa hos desse. Sandra Kvamme drifta i år ferieklubben saman med dagleg

leiar i Fusa frivilligsentral. Det var og nokre frivillige vaksne med på gjennomføring av ferieklubben.

Ferieklubben er eit godt etablert og innhaldsrik tilbod for borna som får delta, og ein god erfaring å ha med seg vidare, for sommarvikarane. Tilbodet er avhengig av søkte midlar for å eksistere, men gode tilskotssordningar, lokal støtte og sjølvstøtte alle gode erfaringar, gjer at me og vil planlegge for Ferieklubb og i 2026.



### Aksjon Julehjarte

Årets julehjarateaksjon, med både hjartetre og matgåver, vart organisert litt annleis enn i fjor. Aksjonen var felles i Bjørnafjorden, og Os frivilligsentral, men påmeldingane gjekk direkte til Fusa Frivilligsentral. Dette fungerte fint.

Etter tilbakemeldingar frå både hjelperar og mottakar av matgåvene i fjor, endra me til å dele ut gåvekort framfor store matposar. Dette hadde dei god erfaring med i Os frivilligsentral, og var verd å prøve ut. Størrelsen på gåvekortet spegla tal personar i husstanden. I tillegg fekk alle ein mindre pose med litt kaffi, julesnop og eit julebrød frå Aarviks bakeri. Tilbakemeldingane var positive frå mottakar, som no kunne kjøpe meir etter eige behov. Matbutikkane melde og om positiv erfaring. Dette reduserte arbeidsmengda for fleire partar mykje, og gjorde til at kostnadane har gått litt ned.



Julegåveønsker frå born hang på hjartetre på Fjord'n nærsenter i heile desember. I alt 45 hjarteønsker frå born og unge.

Halvparten vart kjøpt og levert av private, og pengegåver frå private og sanitetsforeiningane dekkja innkjøp av resten. frivilligsentralen fekk inn ein del heimestrikka genserar og labbar som og vart gitt ut i gåver.

I alt 53 familiar fekk hjelp, ca 200 personar og av dei 45 born.

Aksjonen fekk kr 50 000,- i støtte frå Sparebanken Norge. I tillegg kom det inn heilt nødvendige donasjonar frå Eikelandsosen Sanitetsforening, Fusa Sanitetsforening, Frank Mohn Fusa, Bunnpris og frå fleire privatpersonar. Utan støtta frå lag og frå næringslivet, vil det ikkje vera muleg å driva ein slik aksjon.

### **Team Fusa.**

Det vart i 2025 søkt og mottatt midlar til prosjekt Team Fusa, eit prosjekt for å skapa møteplass for unge vaksne. Det er gjort noko kartlegging saman med prosjektgruppe, rådgjevar ved fusa vgs og kommunal psykisk helseteneste. Prosjektet er konkludert lagt på is til dagleg leiar er tilbake frå permisjon.

### **Samarbeid med andre**

Fusa Frivilligsentral samarbeider med fleire andre instansar i dei ulike tiltaka/aktivitetane.

### **Fusa senioruniversitet**

Ein sjølvstendig organisasjon med opphav frå Frivilligsentralen. Ein samarbeider framleis om litt praktiske oppgåver som kopiering, dele inspirasjon til førelesningar og å spreie informasjon om programmet. Senioruniversitetet er blitt ein flott arena med svært aktuelt innhald og godt oppmøte.

### **Internasjonal kvinneklubb**

Og ei sjølvstendig gruppe som ligg under vår paraply. Dei består av driftige frivillige som arrangerer ulike treff for kvinner, særskilt retta mot innvandrarbakgrunn. I 2025 har dei hatt både klubbmøter, fellestur til Kvam og haustfamiliefest i Strandvik.

### **Bruktbuo**

Foreininga Bruktbuo er blitt ein eigen organisasjon med eige styre. Styret består av 5 personar som er knytta til butikken. Dagleg leiar i Fusa Frivilligsentral sit i styre som sekretær. I tillegg hjelper ein til med organisering kring drifta, som vaktlister, kundefri dag, tilstellingar og økonomi. Bruktbuo flytta i mai 2025 inn i nye lokaler i Fjorden senter. Etter dette har dei fått litt fleire kundar, auka sal og omsetning og fått nokre nye «tilsette». Alt i alt eit svært positivt år for Bruktbuo! Sjå elles eige årsmelding.

### **Sorggruppe:**

Diakonigruppa i Fusa sokn og Fusa frivilligsentral samarbeider om sorggruppe. I september arrangerte me treff, med innlegg frå faliiterapeut Mirjam Østervoll frå Vardesenteret. Ca 15 møtte. (Eikelandssosen sanitetsforeining, Fusa Lions og Fusa sanitetsforeining er medarrangør ) Det var og sorggruppe, med tre samlingar i haust.

### **Tysdagsklubben:**

Samarbeid med Fusa sokn og Bjørnafjorden kommune med klubb for bebuarar på Hellemyra og Torsneset. Litt aktivitet, bibelfortejing, loddtrekning, hemmeleg gjest og kveldsmat.

### **Bjørnafjorden kommune:**

Ungdomsteam, Intro DM og frivilligsentralen samarbeider om planlegging av aktivitet, måltid og sjølve utføringa av open hall. Utekontakt har vore vikar.

Os Frivilligsentral: I tillegg til å vere i same nettverk er Stine og Hege gode støttespelarar i kvardagen. Ein samarbeider om mellom anna tv aksjon og julehjarteaksjonen og det er alltid muleg å drodle kring saker som rører seg. Som ny og vikar er det alltid fint å ha nokon erfarne å støtte seg på.

Eit godt samarbeid med Fusa ungdomsskule, valfag *Innsats for andre* har vore nyttig både for dei og frivilligsentralen. Dei er positiv til førespurnad og bidreg mellom anna i både i tv aksjon og flaskepant. Positivt å samarbeide med flott ungdom som vil bidra til fellesskapet.

**Andre gode støttespelarar** som bidreg både økonomisk, med samarbeid og tilrettelegging er:

Spar Eikelandssosen, Bunnpris Eikelandssosen, Joker strandvik, Fusa Kraftlag / Strøyma, Fjord'n nærsenter, Frank Mohn Fusa, Lion's klubb Fusa, Fusa sanitetsforeining, Eikelandsfjorden Sanitetsforeining, Fusa sokn.

## Planar framover

I 2026 er Fusa Frivilligsentral invitert med i prosjektgruppe for Frivillig i Bjørnafjorden. Eit delprosjekt i Bjørnafjorden kommune sin plan for Heilskapleg Innsatstrapp. Dette arbeidet skal føregå frå januar til juli, med påfølgande implementering av rammer og struktur for samarbeid mellom frivillig sektor og kommunal tenester.

**Walk and run:** Dato for årets arrangement er sett til 30 mai. Planlegging er i gong.

## Takk.

Som leiar av Fusa Frivilligsentral kjenner ein kvar dag på den krafta som ligg i frivilligheita. Frivillig arbeid er så mykje meir enn aktivitetar – det er menneske som stiller opp for kvarandre og som engasjerer seg i at andre skal ha det bra. Frivillige som gjer av seg sjølv og av tida si for å skapa gode møteplassar, spreie glede, inkludere og skapa fellesskap for menneske i alle aldrar. Det vert ingen frivilligsentral utan frivillige.

Takk til alle som stiller opp, ser andre, løftar kvarandre og bidreg til eit raust og meir levande lokalsamfunn. Me i Fusa frivilligsentral er stolt og takknemleg for å ha dykk med på laget. Dette er me god på, og saman gjer me ein tydeleg forskjell!

Fusa Frivilligsentral takkar for eit innhaldsrikt og fint 2025 og ser fram mot å møte både kjente og nye menneske i året som kjem.

Innspel til endring, forbetring eller nye tiltak er alltid velkommen hos oss.

Velkommen innom, eller ta kontakt dersom du har noko på hjarte, om du vil bidra eller berre er nysgjerrig på om frivilligheit kan vera noko for deg!

